

Referat, styremøte LLP 24. og 25. november 2014

Stad: Radisson Blu Plaza Hotel, Oslo

Tidspunkt: 24. november kl 10.00-17.30 og 25. november kl 09.00-14.30

Tilstade 24. november: Tom Oddby, Mads Langnes, Ole Martin Rønning, Petter Høiaas, Turid Holen, Cecilie Lintoft, Tone Stakvik, Inger Lene Nytingnes (organisasjonssekretær/referent).

Frå kl. 12.00-16.00 (sak 24-26) var Ellen Røsjø, Riksarkivet, og Bjørn Bering, Kulturrådet, tilstade.

Tilstade 25. november: Tom Oddby, Ole Martin Rønning, Petter Høiaas, Turid Holen, Cecilie Lintoft, Tone Stakvik, Inger Lene Nytingnes (organisasjonssekretær/referent).

Frå kl 10.00-12.00 (sak 31) var Terje Haram, Asta, tilstade.

Sak 19/2014. Godkjenning av referat frå forrige styremøte og AU-møte

Tom Oddby gjekk gjennom referat frå styremøte 28. august og referat frå AU-møte 29. oktober.

Referata vart godkjende.

Sak 20/2014. Økonomi og rekneskap pr. 31. oktober 2014

Organisasjonssekretær orienterte. LLP sin administrasjon har eit positivt resultat på Kr. 225 951 pr. 31. oktober. Det har vore auka lønsutgifter på Kr. 55 335 i 2014. Driftsrekneskapet ser likevel ut til å gå i overskot i 2014. Det er søkt momskompensasjon på Kr. 91 827. Prosjekt for fylkeskommunal administrasjonshistorie har nytta Kr. 56 120 i 2014. Då midlane i prosjektet er inntektsført i 2013 vil dette framstå som eit negativt resultat på totalrekneskapet for LLP i 2014. Det står att Kr. 100 194 i prosjektet.

Det har vore nokre utmeldingar i 2014. I tillegg vert det tilrådd at to medlemmer vert utmeldt som medlemmer då kontingent ikkje har blitt innbetalt dei siste to åra. Dette utgjer tilsaman ei tapsføring på Kr. 12 650.

Styret godkjenner rekneskapet og utmelding av to medlemmer.

Det vart teke opp i styret at LLP bør gjere meir for å auke medlemsmassa. Mads Langnes og organisasjonssekretær skal samarbeide om tekst og oversyn over aktuelle museum, medan Turid Holen og organisasjonssekretær skal samarbeide om tekst og oversyn over aktuelle kommunar. Sekretariatet skal sende ut ein e-post til IKA-leiarar og be om «drahjelp» til å få oversyn over aktuelle kommunar.

Sak 21/2014. Godkjenning av medlemskap frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Norsk senter for folkemusikk og folkedans har søkt medlemskap i LLP.

Styret i LLP godkjenner Norsk senter for folkemusikk og folkedans som medlem i kategori A, fullt medlemskap, frå og med 1.1.2015. Antal stillingar som arbeider med arkiv er 4, 3.

Sak 22/2014. Stipend 2015

På grunn av god økonomi og få stipendsøkjere i 2014 har AU foreslått for styret å løyve ekstra midlar i stipend i 2015. Det er også foreslått å opprette ein eigen konto for stipend der alle løyvde stipendmidlar vert overført, slik at desse vert nytta etter føremålet.

LLP lyser ut inntil kr. 50 000 i stipend med søknadsfrist 1. mars 2015. LLP opprettar ein eigen bankkonto for stipendmidlar. Når vedtak om stipend er fatta av styret, vert utlyste midlar overført til denne. Alle midlar som er løyvde av styret vert betalt ut frå denne kontoen.

Stipendet skal lysast ut første arbeidsdag i 2015.

Sak 23/2014. Rapportering frå utval og organisasjonar der LLP er representert

Det skal rapporterast frå alle utval og organisasjonar der LLP er representert to gonger i året; 1. november og 1. mai. Organisasjonssekretær har koordineringsansvar og rapporterar til styret. Det vart orientert frå rapport innsendt frå Styringsgruppa for Asta 5, Arkivdagen, Fylkeskommunal administrasjonshistorie, Samdok; kommunale arkiv, privatarkiv og arkiv i e-forvaltning.

Riksarkivarens representant, Ellen Røsjø og Kulturrådets representant Bjørn Bering møtte til sak 24/2014.

Sak 24/2014. Orienteringssaker

- SLA-konferansen i Midelfart, Danmark

Petter Høiaas har vore LLP sin representant og orienterte. Konferansen sine deltakarar representerte i stor grad historielag og mindre organisasjonar enn arkivfaglege institusjonar. Konferansen hadde mellom anna innlegg om Arkibas, den danske «versjonen av Asta». Petter meiner LLP kan sjå nærare på dette og hauste erfaringar. SLA har etterlyste også under konferansen eit større fagleg nordisk samarbeid. Petter skal utforme ein tekst om deltakinga på konferansen, som skal leggest ut på LLP sine heimesider.

- Prosjekt fylkeskommunal administrasjonshistorie

Tom Oddby orienterte. Det står att Kr. 100 194 i midlar i prosjektet. Prosjektgruppa har vore i kontakt med Inge Strand, som har sagt seg villig til å skrive artiklar. Anne Mette Dørum i KS arbeider internt for å skaffe meir midlar til prosjektet. Arbeidet kan vere i gang 1. januar 2015.

- Samdok-konferansen/privatarkivkonferansen på Gardermoen

Cecilie Lintoft og Mads Langnes orienterte. Dei meiner arbeidet med to parallelle konferansar har fungert godt. Det har og kome mange positive tilbakemeldingar frå deltakarar. Paneldebattar bør vurderast, då det kan vere krevande å få det til å fungere.

- Relansering av tidsskriftet arkiv

Tom Oddby orienterte. HIOA arrangerar konferanse 1. desember der Tidsskriftet Arkiv skal relanserast. Tom Oddby var i utgangspunktet påmeldt, men har ikkje høve til å stille. Plassen står til disposisjon, dersom eit anna styremedlem ønskjer å delta.

- 7. norske arkivmøte

Cecilie Lintoft orienterte. Komiteen for arkivmøtet har hatt eitt konstituerande møte. Dei nye retningslinjene er vedtekne. Møta skal arrangerast kvart 3. år over to dagar og på knutepunktstader. Medlemene av komiteen skal tenkje på tema til neste møte. «Synleggjering» er eit aktuelt tema for LLP å spele inn.

- Seminar om privatarkiv i musea

Ole Martin Rønning orienterte. Han var med på 4 førebuingsmøter før seminaret. Tom Oddby haldt

innlegg på vegne av LLP under konferansen. Det har kome mange gode tilbakemeldingar frå deltakarar. Styret diskuterte vidare korleis LLP best mogeleg kan vere ein aktør for musea. Det kom innspel om at museumssektoren truleg vil føretrekkje kurs og opplæring framfor konferansar. LLP vil gjerne samarbeide med andre om privatarkiv og kurs.

- Høring i familie- og kulturkomitéen

Tom Oddby og Cecilie Lintoft orienterte. På grunn av at vaktene i Stortingsbygget ikkje kom og henta dei ved inngangen, som avtalt, kom dei forseinka inn i høyringssalen. Dei fekk likevel presentere framlegget sitt ovanfor komiteen.

- Eventuelle saker fra Kulturrådet og Riksarkivaren

Bjørn Bering, Kulturrådet:

- Utviklingsoppgåvene for arkiv i Kulturrådet er vedtekne overført til Riksarkivaren, der det følgjer med midlar tilsvarende to stillingar. Det er uklårt kva dette vil innebære. Kulturfondet er kutta med 6 millionar kroner, og ein betydeleg del av midlar til av arkivsektoren har vore henta frå dette. Desse kutta vil vere kritisk for arkivsektoren. LLP bør sjå på mulegheiter for å kunne bruke dette fondet, og spele inn sine meiningar om det. No når utviklingsmidlane er overført til tippemidlane, vil det seie at alle midlar skal løyvast ut. Kulturrådet og Riksarkivaren har ikkje høve til å nytte desse midlane. Det er og viktig å hugse på at Kulturrådet har hatt ei viktig rolle for sektoren. Mellom anna ved å ha finansiert Asta i tre runder og ved å utrede arkivfeltet i Try-komiteen.

- Det er viktig å fokusere mindre framover på kven som forvaltar midlar og i større grad fokusere på at sektoren sine ressursar må aukast. Sektoren har behov for statlege midlar, og ein bør i større grad tilstrebe å vere samkjørte og sjå på kva behov denne har.

- Det vart og nemnt eit muleg prosjekt for bevaring av idrettsarkiv i eit samarbeid mellom Riksarkivet og Idrettsforbundet. Styret vart oppmoda til i første omgang å be om informasjon frå Riksarkivet om dette og særskilt om prosjektet ville kunne berøre arbeidet med idrettsarkiver lokalt og regionalt.

Ellen Røsjø, Riksarkivaren:

- Røsjø orienterte om arbeidet i SAMDOK-prosjektet si strategigruppe for privatarkiv. Gruppa har arbeidd med ein metode for bevaringsplanarbeid for å dekke privatarkivarbeidet betre enn i dag. Satsingsområde vart presentert som prioriteringar for privatarkivarbeidet;

1. Styrking av privatarkivvernet i arkivloven og i forskriften, 2. Kulturloven, 3. Plan- og bygningslovens bestemmelser om regional plan (§8-1), 4. Styrking av koordineringsoppgåvene i privatarkivarbeidet i Riksarkivet, 5. Nasjonal koordinering av nasjonale bevaringsinstitusjoner suppleres ved behov med nettverk for enkelte sektorer/emner, 6. Felles metodikk for bestandsanalyse, samfunnsanalyse og bevaringsplaner tas i bruk fylkesvis og for enkelte sektorer i samspill med regionale institusjoner, 7. Alle arkivdepotinstitusjoner bruker det nasjonale arkivfagsystemet Asta og publiserer informasjon om bevarte arkiv og arkivkataloger for disse på Arkivportalen.no, 8. Sentrale statlige midler til privatarkivarbeid og utviklingsarbeid på arkivfeltet, 9. Synliggjøring av arkivenes betydning og rolle i samfunnet generelt og privatarkivene spesielt, 10. Stimulere regionale samlokaliseringstiltak på tvers av forvaltningstilknytning med mål å stimulere til samhandling og bedre ressursutnyttelse, 11. Arkivverket etablerer et samarbeid om at skifteretten/bobestyrere bør kontakte aktuelt statsarkiv / fylkeskoordinerende institusjoner for bevaringsvurdering av arkiv etter bedrifter utover enkeltmannsforetak som er gått konkurs, og gi tilbud om oppbevaring i Riks-/statsarkiv.

Styret og representantane for Kulturrådet og Riksarkivaren diskuterte vidare LLP si framtidige plattform. Det vart teke opp at LLP må inn i departementa og informere og legge press på politikarane. Ein må finne politikarar som har uttalt seg fornuftig om arkivpolitikk, få møtetid, sende e-postar og uttale LLP si meining. LLP må utforme og formulere ei kortfatta arkivpolitisk plattform, utfordre Riksarkivaren og få forankring i sektoren. LLP bør og diskutere med Norsk Arkivråd om korleis ein kan arbeide saman.

Sak 26/2014. Landsmøte 2015 og landsmøtekonferanse

Ole Martin Rønning orienterte. Det har etter at det vart lyst ut «Call for papers» kome inn 8 forlag til foredrag. Styret diskuterte aktuelle foredragshaldarar og tema. Synleggjering, organisering og finansiering kan vere tre stikkord for konferansen. Konferansen bør seie noko om LLP si arkivpolitiske plattform.

Sak 27/2014. Organisasjonsutvikling og kommunikasjonsstrategi

Styret diskuterte om ei organisasjonsutvikling bør innebere ei navneendring for organisasjonen. Det kan mellom anna nyttast kommunikasjonsbyrå for å få hjelp i ein slik prosess. Det kan og lysast ut navnekonkurranse. Navneendring kan vere del av ein handlingsplan, og eit forslag kan leggast fram for landsmøtet i 2016. Som del av ein moderniseringsprosess bør organisasjonen profesjonaliserast og sekretariatet utvidast.

LLP vil gjere tiltak for å auke medlemsmassa. Det skal brukast litt midlar for å annonsere facebookside til LLP. Det skal sendast ut e-post til medlemene to gonger i månaden med nyheitssaker frå LLP. E-post er den mest effektive måten å nå ut til medlemene, noko ein kan sjå ved at nettsida til LLP har flest treff etter at e-postar er sendt ut.

Sak 28/2014. Arkivdagen

Det vart diskutert om LLP skal halde fram med å vere medarrangør av Arkivdagen. Det kan synes å vere ein tendens at Arkivdagen trekk arkivmiljøet meir enn andre. DIS, slektsforskardagen har mykje større oppmøte. Det skal sendast ut e-post til medlemene og spørje om det er eit ønske at LLP opprettheld Arkivdagen. LLP bør og rette seg til Riksarkivet og spørje om kva dei tenkjer om ansvaret. Ansvaret vert no flytt frå Kulturrådet til Riksarkivet. Turid Holen og organisasjonssekretær skal samarbeide om dette.

Sak 29/2014. SAMDOK-prosjektet og omrokking av LLP sine representantar

Cecilie Lintoft går ut av strategigruppa for privatarkiv. Kirsti Gulowsen frå Oslo byarkiv er aktuell for å ta over. Ole Martin Rønning går ut av strategigruppa for e-forvaltning. Det er fleire aktuelle personar til å overta. Tom Oddby tek saka vidare.

Sak 30/2014. LLP sitt møte med Riksarkivar Inga Bolstad. Kva saker skal LLP ta opp?

Møtet med Inga Bolstad blir halde 17. desember. Tom Oddby, Cecilie Lintoft og Ole Martin Rønning stiller for LLP. Aktuelle tema føreslått av AU: Asta, og utvikling av Asta 5, koordinering av fylkeskommunale institusjonar, synleggjering, Riksarkivet overtek utviklingsoppgåver, Arkivportalen, Arkivdagen, LLP sine forventningar til den nye Riksarkivaren.

Styret diskuterte vidare at behovet for ei nasjonal satsing på privatarkiv og behovet for at privatarkivinstitusjonar skal kunne få rettleiing i arbeidet sitt. LLP bør og kunne formidle korleis ein

opplever arkivlandskapet og statsarkiva ute i distrikta, som usynlege og lite offensive. I tillegg er kommunesamanslåingane og utfordringar knytta til dette eit viktig tema. Digitalisering i offentleg sektor er eit ansvar for kommunale institusjonar, men det er ikkje sett av ressursar. Det bør utviklast verktøy for privatarkivskaparar som har anna materiale enn noark-arkiv. I tillegg til forventningar er det viktig å gje positive tilbakemeldingar til den nye Riksarkivaren, om møtene ho har hatt med arkivinstitusjonane rundt om i landet.

Sak 31/2014. Asta

Terje Haram, styreleiar i Asta, orienterte om status for stiftinga. Den økonomiske situasjonen ber preg av auka lønsmidlar og husleige, noko som har gjeve større driftskostnader. Stiftinga har arbeidsgjevaransvar for 30 personar. Stiftinga har fått ein ny dagleg leiar som leiinga er særns nøgde med, og som er god på prosjektstyring og programvareutvikling. Haram har og opplevd eit godt samarbeid med styrerepresentantane frå Riksarkivet.

Kostnader knytta til utvikling av programvare har auka. Status no er at grunnmuren til programvaren er utdatert og det er eit sterkt behov for å oppgradere denne, då den hindrar framgang. Di lenger ein ventar med dette, di større kostnader vil det gje. Det er difor viktig for stiftinga å fokusere på inntektsauke. Pr. i dag er tradisjonell arkivordning den største tenesta asta leverer. I tillegg har stiftinga inntekter frå lisensavtaler. Leverandøren Mesan har og auka kostnadene, men samtidig er ein nøgde med tenestene, då dei har arkivfagleg kompetanse. Skifte av leverandør vil og kreve opplæring, noko som vil auke kostnadene.

Stiftinga har vedteke at styringsgruppa for Asta 5 skal settast «på vent» medan oppgraderinga av grunnmuren for programvaren vert oppdatert, til hausten 2015. Styringsgruppa har reagert på måten dette har blitt kommunisert på, noko Haram beklager sterkt. Truleg har det vore ei kommunikasjonssvikt som har ført til denne situasjonen. Haram understreker at Asta sitt styre ikkje har vedteke at det ikkje skal vere brukarpåvirkning i framtida, men at ein må balansere mellom kostnader knytta til programvareutvikling og brukarstyringa. Stiftinga vil kunne tilby pakkar som inneheld eit sett med funksjonalitetar, og som styringsgruppa kan velje mellom ut frå.

Haram vart spurd av styret om det er mogeleg å gjennomføre ei sentralisering av databasene. Dette vil kreve ein anna infrastruktur. Asta er en løysinga arkivmiljøet vil ha. Det er viktig å sikre eigarskapen til databasene. Dette er noko ein kan ta opp med Riksarkivar Inga Bolstad.

Styret påpeikte for Haram at det ikkje er ønskjeleg at styringsgruppa vert sett på vent, då denne er ein ressurs som kan brukast i det vidare arbeidet. Det er også viktig at medlemene av styringsgruppa får motivasjon til å halde fram med arbeidet. Haram ville ta dette med seg tilbake som eit positivt innspel.

Sak 32/2014. Landsmøte 2015

-Valkomiteen skal bli bedne om å setje i gang arbeidet. Organisasjonssekretær har ansvaret.

-Handlingsplan. Styreleiar har ansvaret. Det vart og diskutert om ein skal utarbeide ein ny organisasjonsstrategi. Det vart og føreslått at ein kan kalle dette «Arkivpolitikk» i staden for «Organisasjonsstrategi».

-Årsberetning. Styreleiar og Ole Martin Rønning har ansvaret.

- Revidert rekneskap. Organisasjonssekretær har ansvaret.
- Budsjett. Organisasjonssekretær har ansvaret. Styret vedtok at det skal leggest rammer for tre styremøter i 2015. Det skal prioriterast representasjonsreiser for styreleiar.
- Kontingent. Styret vedtok å føreslå ei auke til Kr. 1300 for ordinært medlemskap, Kr. 1000 for assosiert medlem og Kr. 9500 som makspris.
- Blomar og gåver. Organisasjonssekretær har ansvaret.

Sak 33/2014. Evt

- Fylkeskontakter. Styret ønskjer å avvikle ordninga med fylkeskontaktar. Ordninga har ikkje vore aktiv dei siste år. Henvendelsar kan gjerast til sekretariatet og til styret.
- Høyring om endringar i lov om interkommunale seskap. Riksarkivet har kontakta LLP om denne høyringa. Høyringa gjeld EU-tilpasningar og kan ha betydning for IKA'ene sine mulegheiter for å kunne ta opp billege offentlege lån. Turid Holen skal sjå nærare på saka og undersøkje om dette er noko IKA-miljøet ønskjer at LLP skal sende høyringssvar om.
- AU skal ha sitt neste møte 21. februar.